



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/975-

08.07.2015

Statsbudsjettet 2015 - tilleggsføring

Kulturdepartementet syner til Prop. 119 S (2014-2015) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2015* og den tilhøyrande Innst. 360 S (2014-2015) frå finanskomiteen. Stortinget har løyvd eit eingongstilskot på **2 mill. kroner** knytt til Måløyraidsenteret. I Innst. 360 S (2014-2015) er det vidare lagt til grunn at "*midlene kanaliseres gjennom Musea i Sogn og Fjordane, som også forutsettes å forestå den vidare driften av denne museumsenheten i Måløy*".

Kulturdepartementet bed om at Musea i Sogn og Fjordane avklårar med Vågsøy kommune og Måløyraidsenteret korleis investeringsprosjektet skal gjennomførast.

Det vert lagt til grunn at tilskotet vert nytta i samsvar med dei føremåla, vilkåra, krava til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering som er trekte opp i dette brevet.

Statstilskotet vil verta utbetalt til Dykkar konto nr. 3705 16 96647.

ØKONOMIFORVALTNING OG KONTROLL

Tilskotsmottakaren skal følgja dei reglane som er trekte opp i vedlagde *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt prosjekt-/investerings- og engangstilskudd fra Kulturdepartementet i 2015* med unnatak av pkt. 1.2.-1.4.

Tilskotsmottakaren må føra løpande kontroll med den økonomiske situasjonen slik at utgiftene til kvar tid er under kontroll.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
NO-0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kud.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org. nr.
972 417 866

Kulturvernavdelinga

Saksbehandlar
Natalia Ryan
22247233

KRAV TIL RAPPORT

Det skal avleggjast rapport og rekneskap etter dei reglane som er trekte opp i pkt. 1 i dei vedlagde retningslinene.

Rapporten skal inngå i den ordinære årsrapporten frå museet til Kulturdepartementet for 2015 og eventuelt 2016.

Departementet gjer merksam på at tilskot i visse situasjonar kan krevjast betalte attende, jf. pkt. 3 i de vedlagde retningslinene for økonomiforvaltning og kontroll.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Natalia Ryan
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Norsk kulturråd, Måløyraidsenteret